

Fister Smolt AS

4139 FISTER

Vår dato: 04.07.2018

Vår ref.: 201836396-2

Arkiv:

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528/baso@nve.no

Fister Smolt AS – løyve til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune

Vi syner til dykkar søknad av 28.06.2018 om løyve til å tappe Hetlandsvatnet 0,3 meter under lågaste regulerte vasstand (LRV), frå kote 45,8 til kote 45.5.

Bakgrunn

Fister Smolt AS har ein konsesjon etter vassressurslova gitt av NVE den 18.02.2004. I konsesjonen er det gitt løyve til 60 cm regulering av Hetlandsvatnet med 30 cm heving til HRV kote 46,4 og 30 cm senking av vasstanden til LRV kote 45,8. Heving av vasstanden med 30 cm er tillat i perioden 01.12. til 01.01. Heving av vasstanden kan starte 15.11. Vasstanden skal reduserast sakte og vere nede på maksimalt naturleg vasstand den 01.04. Hetlandsvatnet kan seinkast inntil 30 cm under naturleg vasstand heile året. Det skal til ei kvar tid sleppast ei minstevasføring frå Hetlandsvatn til Fisteråna på 100 l/s. Vassuttaket skal ikkje overskride 330 l/s som månadsmiddel og 260 l/s som årsmiddel.

Det vert no søkt om mellombels løyve til å seinke Hetlandsvatnet 30 cm under gjeldande LRV.

Grunngjevinga for søknaden er at Rogaland, og Hjelmeland har hatt uvanleg lite nedbør i mai og juni 2018. Dette i kombinasjon med eit kaldt og tørt vintervær i 2018 har ført til lite tilsig til vasskjelda og at vasstanden i Hetlandsvatnet er lågare enn normalt.

Fister Smolt AS viser til at det er sett inn vassparande tiltak og at vassforbruket er redusert til ca. 80 l/s. LRV er ikkje overskriden på søknadstidspunktet, men med dei utsikter som vërmeldinga viser er de nøyddde til å søkje om nedtapping av magasinet om tilsiget til vatnet ikkje aukar. Fister Smolt viser til at de treng løyvet for å sikra drifta og verdiane i anlegget, samt å sikre minstevasføring i Fisteråna.

Fister Smolt AS viser samtidig til at selskapet er i dialog med NVE og Fylkesmannen i Rogaland om endring av arrangement for slepp og måling av minstevasføring. For å kunne utføre desse endringane er det viktig å få gjort gode undersøkingar av grunnforholda kring damanlegget. Fister Smolt AS viser til at den mellombelse nedtappinga gir moglegheit for samtidig å gjennomføre desse grunnundersøkingane.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget av saka, har den ikkje vore sendt på høyring. NVE meiner at saka er tilstrekkeleg opplyst gjennom tidlegare saksbehandling.

Fister Smolt har vore i kontakt med Hjelmeland kommune og Hetlandsvatnet grunneigarlag for å få deira syn på saka. Desse uttalane er referert til nedanfor.

Hjelmeland kommune uttaler i brev av 26.06.2018:

«VEDR. MULEG AVVIK FRÅ MINSTE REGULERTE VANNSTAND PGA TØRKE

Eg viser til Hjelmeland kommune sine uttalar til Fister smolt sin søknad om endring av konsesjonsvilkår for deira verksemd i til knyting til Hetlandsvatnet i Hjelmeland, jfr m.a. brev av 17.6.2017, og til klage på utsetjing av saka (brev av 1.2.2018).

I begge desse breva peikar kommunen på at det største trugsmålet mot elvemusling og villfisk er det same som trugsmålet mot smoltanlegget, det vil seia for lite vatn. Så lenge konsesjonssaka ikkje vert løyst, så vert heller ikkje problemet med tilgang på nok vatn sommarstid løyst.

Mai og juni 2018 har vare eit nytt år med ekstrem turke i regionen vår, liknande det som me hadde i 2014. Brannfaren har vare stor, noko som også storbrannen som me hadde over lengre tid på Ombo, var eit prov på.

No har meteorologane varsla ny turkeperiode, og me har fått melding frå Fister Smolt at dei begynner å nærma seg ein kritisk situasjon når det gjeld vassforsyning . Me har full forståing for at det er heilt nødvendig å gjera grep for å sikra vassforsyning i ein kritisk fase. Me ber om at dei få høve til å gå under minste regulerte vannstand slik som omsøkt.»

Hetlandsvatnet grunneigarlag uttaler i brev av 25.06.2018:

«Vi vil med dette gi vårt samtykke til at det blir søkt om ekstraordinær nedtapping av Hetlandsvatnet frå 25. juni 2018 og ut gjennom sommarmånadane juni til september.

Vi gir samtykke til at det kan tappes 0,3 meter under dagens lågvannstand.

Vi vil samtidig gi grunneigarane langs vatnet mulighet til å hente ut vatn til vatning av områder som er nær vatnet.

Dette gjer me i samband med at det no i lengre periode har vore turt og lite nedbør sidan tidleg mai.

Etter vårt syn blir Hetlandsvatnet Grunneigarlag sine interesser ivaretatt både på kort og lang sikt, jamfør Vannressursloven § 25 : " Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet".»

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8.

Fister Smolt skriv at dei er klar over vilkåra i konsesjonen som gjeld, og dei har gjort fleire tiltak for å drive anlegget med minimal bruk av vatn. Fister Smolt viser til at dei jobbar på sikt mot å ha fleire avdelingar på RAS-teknologi. Hovuddelen av dagens biomasse er knytt til RAS-teknologi. I 2016 brukte Fister Smolt 50 millionar på ein ny RAS-hall, der vassforbruket er særst lågt og 98 % av vatnet vert

resirkulert. Fister Smolt viser til at dei likevel ikkje var rusta for å tåla ein slik vinter, vår og forsommar i kombinasjon som i 2018. Det vert opplyst at det var godt med vatn i magasinet fram mot den gradvise nedtappinga til HRV for sommarhalvåret. Vedlagt vasstandslogg for Hetlandsvatnet viser at vasstanden har gått jamt nedover sidan februar månad.

Fister Smolt leverte i april 190 tonn til sjøanlegg. På grunn av soneendring i Rogaland (vedtatt av Mattilsynet) har det kome ei forskyving av tidspunkt for utsett av fisk, noko som gjer at Fister Smolt har blitt nøydd til å holde fisken lenger i anlegget. Det vert opplyst at det totalt er ca. 3,7 millionar individ i anlegget, tilsvarande ein biomasse på ca. 71 tonn (ca. 20 gram i snitt).

Fister Smolt AS har i dag følgjande biomasse i anlegget:

- | | | |
|---------------------------|-----------------------------|--------------------------------|
| • 542.000 stk. 75 gram | 41 tonn (er i RAS anlegget) | leverast sjø 15 aug (-15.juli) |
| • 115.000 stk. 45 gram | 5,1 tonn går på 50% sjøvann | leverast sjø 15 aug. |
| • 850.000 stk. 24 gram | 20 tonn (gjennomstrøyming) | leverast sjø 15 sep. |
| • 1.100.000 stk. 4 gram | 4,3 tonn (gjennomstrøyming) | leverast jan. 2019 |
| • 1.100.000 stk. 0,4 gram | 0,6 tonn (gjennomstrøyming) | leverast apr/juli 2019 |

Fister Smolt viser til at dei ikkje kan levere noko av sin produksjon til sjø no på grunn av fysiologiske avgrensingar av fisken og klarering av lokalitetar i sjø/brakkleggingsregimar.

Tidlegare nedtappingar

Fister Smolt AS har ved fleire høve i åra 2010, 2012, 2013 og 2014, søkt om løyve til mellombels avvik frå reguleringsregimet for å tappe Hetlandsvatnet under LRV.

Fister Smolt fekk løyve frå Rogaland fylkeskommune den 02.09.2012 til utviding av produksjonen til 5 millionar sjøklar smolt. Ein føresetnad for konsesjonen var at utvidinga skulle skje innanfor vilkåra i gjeldande vassdragskonsesjon. NVE rådde til planane om utviding i brev av 26.09.2012 der NVE la betydeleg vekt på at selskapet skulle ta i bruk resirkuleringsteknologi på delar av anlegget for å kunne redusere sitt vassforbruk, slik at vassressursen kunne ivaretakast på ein god måte innanfor vilkåra i vassdragskonsesjonen av 18.02.2004.

Fister Smolt AS søkte den 17.06.2014 om løyve til mellombels reduksjon i slepp av minstevassføring frå 100 l/s til 50 l/s og inntil 0,4 m senking under LRV. Fister Smolt AS grunn gav søknaden med ein ekstraordinær tørr forsommar. NVE gav avslag på søknaden 03.07.2014. Avslaget vart klaga på av Fister Smolt til OED. OED gav svar i klagesaka 12.09.2016. Klagen frå Fister Smolt AS vart ikkje teken til følgje og NVE sitt vedtak av 03.07.2014 vart oppretthalde. OED la til grunn at redusert slepp av minstevassføring og midlertidig senking av Hetlandsvatnet ville ha betydelege negative konsekvensar for allmenne interesser, spesielt naturmangfald.

Vassuttak og tiltak for å spare vatn

Fister Smolt AS opplyser at dei har gjennomført tiltak for å spare vatn, og viser til at dei har redusert vassmengda til eit minimum med tanke på forbruk og forsvarlig fiskevelferd. Vassforbruket er redusert til ca. 80 l/s og at det er sett inn følgjande vassparande tiltak i løpet av våren:

1. Redusert overløp i alle kar på gjennomstrøyming til et minimum.
2. Tatt ut den minste fisken og destruert denne.
3. Satt i verk tidlegare vaksinerings enn normalt for raskare overføring til sjøvann.
4. Heldt temperaturane lågare enn normalt for å redusere veksten/biomassen i anlegget.

Loggført vassforbruk på Fister Smolt frå 15. mars og fram til i dag viser at vassforbruket er redusert frå 160 l/s i mars for sidan å ligge kring 80 l/s i mai og juni.

Hydrologiske forhold

NVE har sett på dei hydrologiske forholda i området, og dette bekreftar at det er ekstraordinære forhold og svært tørt i store delar av Rogaland. I området Hjelmeland og Fister har det vore svært lite nedbør frå februar og fram til i dag. Lite nedbør over lang tid har gjort til at grunnvasstanden er låg i store delar av Sør-Noreg: <http://www.varsom.no/nytt/nyheter-annet/lavt-grunnvannsniva-i-deler-av-norge/>.

Vedlagt søknaden er loggført vasstand for Hetlandsvatnet. Vasstandsloggen viser same trend, ein tørr februar og mars månad som tappar magasinet, april månad som gir relativt lite nedbør og smeltevatn til oppfylling av magasinet, og ein tørr mai og juni månad med kontinuerleg tapping av magasinet.

Eit søk på www.yr.no viser at det ikkje er venta nedbør den nærmaste veka.

Konsekvensar for allmenne interesser

NVE legg vekt på at eit settefiskanlegg har eit kontinuerleg behov for vatn, og ikkje kan stoppe tilførselen av vatn sjølv om ein no opplever ein spesielt tørr vår og forsommar. Det vert opplyst at det står ca. 3,7 millionar fisk i anlegget, og at denne fisken har stor økonomisk verdi. I eit rent økonomisk perspektiv vil destruksjon av fisk hos Fister Smolt AS få store økonomiske konsekvensar. Ei avliving av fisken i anlegget vil også få store negative konsekvensar med tanke på dyrevelferd.

Samtidig som det er store økonomiske verdier i anlegget er det store naturverdier knytt til Fisteråna. Det er registrert elvemusling, som har status som sårbar (VU) i Raudlista 2015 og status som sterkt truga (EN) på den globale raudlista. Elvemusling er sårbar for reduksjonar i vassdekt areal, vassgjennomstrøyming og temperatur. Vassdraget har også anadrom fisk (når fiskesperre vert fjerna), samt ål, som har status som sårbar (VU) i Raudlista 2015. For å ivareta dei store verdiane knytt til Fisteråna er det svært viktig at minstevassføringa på 100 l/s vert oppretthalde.

Ved ei mellombels nedtapping under LRV vil ein kunne sikre tilstrekkeleg minstevassføring til Fisteråna samtidig som ein sikrar vatn til å oppretthalde produksjon i settefiskanlegget.

Fister Smolt har vore i kontakt med Hetlandsvatnet grunneigarlag og Hjelmeland kommune, og gjort ei vurdering av konsekvensar for allmenne interesser knytt til Hetlandsvatnet ved ei nedtapping på 0,3 m. Fister Smolt vurderer konsekvensane som små. NVE er samd i denne vurderinga og vurderer at ei mellombels nedtapping på inntil 0,3 m vil få små konsekvensar for allmenne interesser knytt til Hetlandsvatnet.

Fister Smolt oppgir at uttak av vatn i dag utgjer ei vasstandsending i Hetlandsvatnet på 7 mm per dag, der 3 mm går til produksjon i settefiskanlegget og 4 mm går til å sikre minstevassføring i Fisteråna. Då går 80 l/s (4,5 m³/min) til settefiskanlegget og 100 l/s (6 m³/min) går til å oppretthalde minstevassføring i Fisteråna. Noko vatn vil i tillegg gå til fordamping og til grunnvatn. Ut frå dette vil ei auka nedtapping på 30 cm, utan tilrenning, sikre vassforsyning til settefiskanlegget og minstevassføring til Fisteråna i om lag 40 dagar.

Ved å tillate ei senking som omsøkt meiner vi at selskapet vil få ekstra tid på seg til å sette inn fleire tiltak for å spare vatn dersom vørsituasjonen skulle bli langvarig. Så lenge denne senkinga er eit enkelttilfelle og avgrensa i tid meiner NVE at verknadane for allmenne interesser vil vere avgrensa.

Fister Smolt AS viser til at dei planlegg endring av arrangement for slepp og måling av minstevassføring. For å kunne utføre desse endringane er det naudsynt å gjere undersøkingar av grunnforholda kring damanlegget. Fister Smolt AS viser til at den mellombelse nedtappinga gir moglegheit for å gjennomføre desse grunnundersøkingane.

Oppsummering

Det er no svært tørt i Rogaland og Fister Smolt AS har komme i ein situasjon der dei ikkje har nok vatn til å oppretthalde produksjonen i anlegget innanfor gjeldande konsesjon. Det vert difor søkt om mellombels løyve til å gå 30 cm under LRV. Bedrifta viser til at dei har sett inn fleire tiltak for å spare vatn, og at vassforbruket er redusert til eit absolutt minimum.

NVE vurderer at det er ein ekstraordinær situasjon i området med svært lite tilsig og låg grunnvasstand. For å sikre allmenne verdier knytt til Fisteråna, samt økonomiske verdier og dyrevelferd knytt til vidare drift av settefiskanlegget, vurderer NVE at ei auka nedtapping av Hetlandsvatnet kan akseptast. Bedrifta må oppretthalde alle tiltak for å spare vatn i denne perioden og avgrense vassuttaket til eit minimum. Minstevassføring i Fisteråna skal oppretthaldast.

Fister Smolt skal samtidig som vasstanden er låg gjere grunnundersøkingar kring dam ved utløpet av Hetlandsvatnet som ei førebuing for seinare tiltak knytt til damanlegget.

Konklusjon

Etter ei vurdering av søknaden, og tidlegare saksbehandling, meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 28 er oppfylt.

NVE gjev løyve til at Fister Smolt AS kan gå inntil 30 cm under LRV i perioden 1. juli til 1. september 2018. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Det er berre gitt mellombels løyve til å gå 30 cm under LRV. Vilråa i konsesjonen gjeld elles fullt ut. Løyve til å tappe Hetlandsvatnet med 30 cm under LRV gjeld med føresetnad om at selskapet har sett inn tiltak for å spare vatn, og at desse tiltaka vert oppretthalde så lenge vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg.
- NVE føreset at forholdet til eventuelle privatrettslege interesser er avklart.
- Det skal ikkje tas inn ny fisk i anlegget så lenge vasstanden er under LRV.
- Logging av minstevassføring og vassforbruk i den perioden vasstanden er under LRV, skal sendast til NVE innan 3 veker etter at vasstanden igjen er oppe på LRV.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.



Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Intern kopi:

Kopi til:

Fister Smolt AS v/Lars Andre Frønsdal
Fylkesmannen i Rogaland
Hetlandsvatnet Grunneigarlag
Hjelmeland kommune
Rogaland fylkeskommune